

40 uskedelinger på skiskulen!

Matøkt i påskesola i Fjellhaugen

Det er ikkje mange vekene sidan det var krisestemning i skigruppa på grunn av at skiføret svikta. Difor er det ikkje mindre enn utruleg at den samme gruppa denne helga kan mønstra 40 uskedelinger under Norgeshus Skiskule i Fjellhaugen og nede i bygda. Av dei 50 deltakarane er det berre eit titall som kjem utanfrå, til dømes frå Sandnes og Bergen. Ei slik mønstring ber bod om god grunntrening og eit fruktbart miljø.



Pål har gjort ein kjempejobb med unge skiløparar Ein som har ein stor del av æra for det er 67-åringen Pål Haugland, som naturleg nok er ein av instruktørane under skiskulen.



Appelsin kan også nyttast til skismørjing, meiner Tveit senior og junior

Han er utretteleg når det gjeld å ta seg av rekruttane, men kjem med ei viktig presisering i påskesola i Fjellhaugen:

- Alle kan ikkje bli topputøvarar slik Ingebjørg Haugland og Kari Bråtun kanskje er på veg til å bli. Men det er heller ikkje ynskjeleg, Det er like viktig at dei unge får den grunnleggjande kunnskapen slik at dei kan få glede av skisporten på mosjonsbasis opp gjennom livet.

uskedalen.no treff skiskulegjengen i matøkta som dei verkeleg nyt i sola. Innslaget er gode hjelparar er stort og alle gjer ein innsats. Til dømes deler Ingebjørg ut frukt og får ein gratulasjons-sang som takk: I går runda den talentfulle jenta 18 år!

Etter maten tek dei til med ei smørje-økt og så kjem halvannen time med trening med fokus på klassisk teknikk. Instruksjonen tek gruppas eigne seg av - dei treng ikkje å henta nokon utanfrå.

Men korleis vert ei slik samkome over 3 dagar finansiert? Dei som ikkje er medlemmer i idrettslaget betalar ein hundrelapp, men det er også alt. Norgeshus finansierer utstyr og dei 30 000 gruppa for stutt tid sidan fekk frå sparebankstiftinga si utdeling dannar ein basis. Desse midla har vorte ein viktig ressurs for nokon kvar i distriktet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ingebjørg i ny funksjon -som fruktutdelar